

## **MEDLEMSKONTINGENT FRÅ 2025**

På grunn av høgare prisar på varer og tenester aukar kostnadane, også for idrettslaget. Styret meiner difor at det er behov for å auke kontingenten noko.

Årsmøtet vedtok gjeldande kontingent i 2022, gjeldande frå 2023:

Enkeltmedlem - barn under skulealder:	50 kr
Enkeltmedlem – frå 7 år:	800 kr
Familie :	1600 kr
Støttemedlem:	200 kr

Styret meiner det er viktig å halda kontingenten på eit lågt nivå, slik at denne ikkje blir ein terskel for som hindrar barn og unge å delta i idretten.

Idrettslaget deltek i fritidskort-ordninga med gratis medlemskap for dei som har fritidskort. Likevel veit me at det er mange låginntekstfamiliar i Hjelmeland, der ikkje alle kjem inn under ordninga med fritidskort, men likevel vil ha utfordringar med å betale ein høg kontingent.

Me ønskjer å ha med flest mogleg, lengst mogleg og styret føreslår ein forsiktig auke, som me meiner kan bidra til å oppretthalda aktivitet utan samstundes å hindra deltaking.

### Forslag til vedtak:

#### Medlemskontigent 2025

Enkeltmedlem - barn under skulealder:	50 kr
Enkeltmedlem – frå 7 år:	950 kr
Familie :	1800 kr
Støttemedlem:	300 kr